



Etter adresseliste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magnus Johan Steinsvåg, 5557 2325

Vi startar vernearbeid for Vestreim i Sogndal kommune

Etter dialog med grunneigar og AT Skog melder vi formell oppstart av frivillig skogvern skog på eigedom gnr. 94 bnr. 1 på Vestreim lokalisert mellom Kaupanger og Sogndal, i Sogndal kommune i Vestland fylke.

Føremålet med dette brevet er å informere om prosessen som no startar opp etter naturmangfaldlova, og for å innleie til medverknad og innspel frå aktuelle partar.

Totalt utgjer arealet 3 148 dekar. Av dette utgjer områda om lag 2 367 dekar skog og derav om lag 2 196 dekar produktiv skog. I gjeldande kommuneplan har området føremålet landbruk, natur- og friluftsføremål (LNFR).

Naturverdiar

Det aktuelle tilbodsområdet vart kartlagt i samband med frivillig skogvern av Rådgivende Biologer AS i 2020. Dei viktigaste naturkvalitetane er knytt til gamal furuskog som er registrert som naturtype ved Vestreimstølen i nedre delar av tilbodsområdet. Naturtypelokalitet har gjennomgåande god tilstand og er lite prega av hogst. Tresjiktet er dominert av furu, men det er også ein del innslag av bjørk, og noko rogn og gråor. Det er i tillegg enkelte ospebestandar.

Skogen har variert alder med både yngre og eldre tre. Det er også registrert noko både ståande og liggande død ved. Død ved er ein svært viktig føresetnad for artsmangfaldet i naturprega skog. Det var ikkje registrert trua artar under kartlegginga, men Rådgivende Biologer vurderer at det er potensiale for nye funn, særleg knytt til død ved. Sjølv om areala er på høgdenivå frå 500 til over 900 meter over havet består det mest av skogarealet av høgare bonitetar.

Avgrensing av verneområdet

I nord austre delar av området er stølsområdet kring Svartedalen grensa ut etter ønskje frå grunneigar. Det står ingen bygningar att på denne stølen i dag. Frå aust går det her ein traktorveg som endar opp drygt 100 meter frå dette stølsområdet.

Vidare går det ei 66 kV kraftlinje som gjennom området i nordaust. Ut over det framstår området som utan større inngrep.



Det føreslegne verneområdet er berre om lag 400 meter frå Breisete naturreservat i aust som vart verna gjennom frivillig skogverna i 2018, og drygt 4 km vidare austover til Luster Almenning naturreservat som vart verna i 2015. I bevaringssamheng vil desse tre naturreservata styrka kvarandre og såleis auka sjansane for overleving av artsmangfaldet her.

Kvifor vern av skog?

Artsdatabanken, den nasjonale kunnskapsinstitusjonen for naturmangfald, reknar med at om lag 60 prosent av alle artane på fastlandet i Noreg har skog som levestad. Totalt 90 prosent av dei truga raudlisteartane vert negativt påverka av menneskelege arealendringar. Inngrep som følgje av utbygging og skogbruk er blant dei viktigaste faktorane. Å ta vare på mest mogleg intakte økosystem i skog er blant dei viktigaste tiltaka vi kan gjere for å ta vare på vestlandsnaturen for framtida.

Berre tre prosent av skogen verna

Det er eit nasjonalt mål å redusere tap av naturmangfald, og som eit ledd i dette har regjeringa ei langsiktig målsetjing om at 10 prosent av skogen i Norge skal bli verna. Med berre tre prosent av skogen verna, er vi enno langt unna dette målet i Vestland. Med disse fem områda vil vi kunne være eit lite skritt nærmare målet om å betre vernet av verdifull gammal skog i Vestland.

Frivillig skogvern

I dei siste åra er det frivillig skogvern som har vore den mest aktuelle verneforma. Som ordet seier, er dette eit vern kor staten er heilt avhengig av at grunneigarane sjølv ønskjer dette. Ved vernevedtak har grunneigarane akseptert det økonomiske tilbodet frå staten.

Kva betyr det at eit område vert verna?

For å ta vare på store og sårbare naturkvalitetar i eit område er det nødvendig med ei verneform som sikrar mot inngrep. Det er difor ønskjeleg å verne om områda som naturreservat etter naturmangfaldlova § 37. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiene i naturreservatet. Vernet vil òg føre til visse restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep.

Grunneigar vil framleis ha rett til jakt, fangst og fiske, og ålmenta vil framleis kunne plukke matsopp og bær. Turstiar som er i området skal òg kunne haldast ved like. Kraftlinjer som går gjennom områda skal kunna driftast, vedlikehaldast og oppgraderast. I utkastet til verneforskrift som ligg ved dette dokumentet kan ein lese alle vernereglane.

Innspel og vidare framdrift

Det er ønskjeleg med innspel på verneforslaget slik at prosessen og tema kan verta så opplyst som mogleg. Når innspel til denne oppstartsmeldinga er vurdert, vil Statsforvaltaren sende eit meir detaljert forslag til vern på høyring.

Meir informasjon om naturkvalitetane, kartavgrensing, verneforskrift og biletar frå områda finn du på nettstaden vår <http://www.statsforvaltaren.no/vestland> under sida «Høyringar». Her kan du også sende inn innspel til denne oppstartsmeldinga. Du kan også sende innspel med brev til Statsforvaltaren ved miljøavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til sfvpost@statsforvalteren.no. Vi har også ei eiga temaside om frivillig skogvern med generell informasjon om ordninga.



Frist for å kome med innspel er 4. november 2021

Frist for å sende inn uttale til denne oppstartsmeldinga er 4. november 2021. I adresselista har vi forsøkt å få med alle dei aktuelle høyringspartane vi veit om. Dersom de finn feil eller veit om fleire partar som de meiner burde ha fått brevet ber vi om tilbakemelding om dette.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Framlegging til vernekart og verneforskrift.

**Adresseliste:**

- | | |
|--|---|
| Grunneigar (vidaresendt frå AT-skog) | Norges vassdrags- og energidirektorat |
| Den Norske Turistforening | Norsk Bergindustri |
| Direktoratet for mineralforvaltning | Norsk Biologforening |
| Fiskarlaget Vest | Norsk Bonde- og Småbrukarlag |
| Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening | Norsk Botanisk Forening |
| Fiskeridirektoratet | Norsk Industri |
| Forsvarsbygg | Norsk institutt for Bioøkonomi |
| Fortidsminneforeningen | Norsk Organisasjon for Terrengsykling |
| Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn
og Fjordane | Norsk Ornitologisk Forening |
| Friluftslivets fellesorganisasjon | Norsk Sau og Geit |
| Friluftsrådenes Landsforbund | Norsk Zoologisk Forening |
| Høgskulen på Vestlandet | Norskog |
| Kommunal- og regionaldepartementet | NTNU, Vitenskapsmuseet |
| Kommunesektorens interesse- og
arbeidsgiverorganisasjon | SABIMA |
| Kvinnherad Energi AS | SFE Nett |
| Kystdirektoratet | Sogndal kommune |
| Landbruksdirektoratet | Sognekraft Nett AS |
| Luftfartstilsynet | Sogn og Fjordane turlag |
| Natur og Ungdom | Stadnamntenesta på Vestlandet |
| NHO Reiseliv | Statens Kartverk |
| Norges Bondelag | Statnett |
| Norges Dykkerforbund | Statkraft SF |
| Norges Geologiske Undersøkelser | Universitetet for miljø- og biovitenskap |
| Norges handikapforbund | Universitetet i Bergen |
| Norges Jeger- og Fiskerforbund | Universitetet i Tromsø |
| Norges Kystfiskarlag | Universitetets naturhistoriske museer og
botanisk hage |
| Norges Miljøvernforbund | Vegdirektoratet |
| Norges Naturvernforbund | Vest Politidistrikt |
| Norges Orienteringsforbund | Vestland fylkeskommune |
| Norges Skogeierforbund | WWF - Norge |